VEDLEGG TIL LANDBRUKSPLANEN

Tiltaksdel

Samnanger kommune

1 Føremål og bruk

Tiltaksdelen er eit vedlegg til landbruksplanen og skal omsetje måla og strategiane i hovudplanen til tydelege prioriteringar for kommunen. Dokumentet skal gi eit raskt overblikk over kva kommunen vil prioritere, kva delmål tiltaka støttar, og kva økonomiske verkemiddel som kan nyttast.

Tiltaksdelen er ikkje ein aktivitetsplan. Konkrete aktivitetar, som til dømes fagmøte, informasjonsarbeid, gardsbesøk, kampanjar, søknadsrundar og interne arbeidsoppgåver, blir fastsette i Bjørnafjorden landbrukskontor sitt årshjul, med ansvar, tidspunkt og samarbeidspartnarar. Tiltaksdelen skal vere grunnlaget for dette årshjulet.

Strategiane er skildra i kapittel fire i sjølve landbruksplanen og blir difor ikkje gjentekne her. Den interne ansvarsdelinga høyrer til årshjulet.

Frå plan til gjennomføring

LANDBRUKSPLAN	TILTAKSDEL	ÅRSHJUL
Mål og strategiar Kva vil vi oppnå?	**Prioriterte tiltak og økonomi** Kva skal vi prioritere?	**Aktivitet, ansvar og tidspunkt** Korleis gjer vi det i år?

Dei fire delmåla

Delmål 1 – Betre ressursutnytting: ta vare på og nytte jord-, skog- og beiteressursane betre, og leggje til rette for aktiv og berekraftig drift.

Delmål 2 – Betre beredskap: styrkje lokal matproduksjon, produksjonsgrunnlaget og landbruket si rolle i den samla beredskapen.

Delmål 3 – Sikre busetjing: bidra til aktive landbrukseigedomar, generasjonsskifte og levande bygder i heile kommunen.

Delmål 4 – Leggje til rette for tilleggsnæring og lokal foredling: skape større verdiskaping med utgangspunkt i ressursane på garden.

2 Tiltaksoversikt

Tiltaka er samla i ti prioriterte område. Fleire av områda støttar fleire delmål samstundes, og skal sjåast i samanheng.

Nr.	Prioritert område	Delmål
1	Jordvern, areal i drift og arealforvaltning	1, 2 og 3
2	Investering, rekruttering og generasjonsskifte	1, 2, 3 og 4
3	Beite, kulturlandskap og miljø	1, 2 og 3
4	Skogbruk og skogressursar	1 og 2
5	Vilt- og utmarksforvaltning	1, 2, 3 og 4
6	Lokalmat, foredling og tilleggsnæringar	2, 3 og 4
7	Enklare forvaltning og samhandling	1, 3 og 4
8	Kompetanse, kunnskapsgrunnlag og synleggjering	1, 2, 3 og 4
9	Landbruk og beredskap	1, 2 og 3
10	Veterinærtenesta	2 og 3

3 Prioriterte tiltak

3.1 Jordvern, arealforvaltning og busetting på landbrukseigedomar

Jordbruksarealet er sjølve produksjonsgrunnlaget for matproduksjonen. Samstundes går areal ut av drift, og arealrekneskapen viser ei årleg nedbygging på om lag 6-7 dekar jordbruksareal. Kommunen skal bruke handlingsrommet sitt til å halde meir jord i aktiv drift og redusere tapet av produksjonsareal.

Mål i landbruksplanen: Delmål 1 – Betre ressursutnytting | Delmål 2 – Betre beredskap | Delmål 3 – Sikre busetjing

Tiltak

- Utarbeide og følgje opp ein kommunal jordvernstrategi med tydelege mål for vern av dyrka og dyrkbar jord.
- Bruke reviderte kjerneområde landbruk aktivt som fagleg grunnlag i arealplanlegging, delingssaker og andre saker som kan påverke landbruksdrifta.
- Kartlegge areal som kan eigne seg til tiltak innan urbant landbruk.
- Halde ved like arealrekneskapet som synleggjer jordbruksareal i drift, areal ute av drift og areal som blir omdisponert eller bygd ned.
- Følgje opp driveplikta systematisk med særleg prioritet til større samanhengande jordbruksområde og kjerneområde landbruk.
- Leggje til rette for at jordbruksareal ute av drift kjem tilbake i aktiv bruk, mellom anna gjennom betre kopling mellom eigarar og aktive brukarar.
- Sikre at matjord og overskotsjord blir handtert som ein ressurs, og at jordflytting eller nydyrking ikkje blir brukt som argument for nedbygging av eksisterande jordbruksareal.

- Prioritere tiltak som styrkjer produksjonsevna på eksisterande jordbruksareal, særleg drenering og hydrotekniske løysingar.
- Vurdere nedsett konsesjonsgrense for mindre landbrukseigedomar enn 100 dekar.

Økonomi: I hovudsak ordinær kommunal drift. Statlege dreneringsmidlar og aktuelle prosjektmidlar kan nyttast der ordningane gir rom for det.

3.2 Investering, rekruttering og generasjonsskifte

Færre aktive bruk, store investeringsbehov og komande krav til driftsbygningar gjer investering og rekruttering til eit av dei viktigaste utviklingsområda i planperioden. Kommunen skal gjere vegen frå idé til avklart prosjekt kortare og meir føreseieleg.

Mål i landbruksplanen: Delmål 1 – Betre ressursutnytting | Delmål 2 – Betre beredskap | Delmål 3 – Sikre busetjing | Delmål 4 – Tilleggsnæring og lokal foredling

Tiltak

- Kople investeringsprosjekt tidleg til relevant kompetanse og verkemiddelapparat, særleg Innovasjon Noreg, rådgjevingsmiljø og aktuelle finansieringsordningar.
- Utvikle ei meir målretta oppfølging av landbrukseigedomar utan aktiv drift eller busetjing, med sikte på at fleire bruk kan få nye eigarar eller aktive driftsløysingar.
- Byggje eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om investeringsbehov og strukturelle endringar i landbruket, med særleg merksemd på mjølkeproduksjonen fram mot lausdriftskravet.
- Legge til rette for at nye og unge bønder kan få tilgang til rettleiing, nettverk og kompetanse som kan gi tryggare etablering og langsiktig drift.

Økonomi: Ordinær drift og samarbeid med verkemiddelapparatet. Investeringar på gardsnivå kan finansierast gjennom Innovasjon Noreg og andre eksterne ordningar. Eventuelle kommunale bidrag krev eigne budsjettvedtak.

3.3 Beite, kulturlandskap og miljø

Samnanger er ein beitedyrkommune, og aktiv beitebruk er avgjerande for matproduksjon, kulturlandskap og biologisk mangfald. Attgroing, krevjande infrastruktur og stadig meir nedbør gjer at fleire verkemiddel må nyttast meir målretta og i samanheng.

Mål i landbruksplanen: Delmål 1 – Betre ressursutnytting | Delmål 2 – Betre beredskap | Delmål 3 – Sikre busetjing

Tiltak

- Målrette SMIL-midlar mot restaurering og skjøtsel av verdifulle kulturlandskap der vidare drift eller beiting er sikra.
- Prioritere hydrotekniske og andre miljøtiltak som reduserer avrenning og tap av næringsstoff frå jordbruksareal og driftsanlegg.
- Prioritere fellestiltak og infrastruktur som gjer innmarks- og utmarksbeite lettare og tryggare å nytte.
- Peike ut prioriterte område der SMIL, beitetiltak, RMP og andre verkemiddel kan samordnast for å få attgrodd eller lite nytta areal tilbake i aktiv drift.

- Styrkje bruken av utmarksbeite gjennom samarbeid, organisering og bruk av nye tekniske løysingar der dette er fagleg og praktisk eigna.
- Bruke miljøverkemidla til å styrkje naturmangfald, pollinatorar og landskapsverdiar der dette kan kombinerast med aktiv jordbruksdrift.

Økonomi: Statlege SMIL-midlar, RMP, tilskot til tiltak i beiteområde, dreneringsmidlar og eventuelle prosjekt- eller kommunale midlar.

3.4 Skogbruk og skogressursar

Samnanger har om lag 65 678 dekar produktiv skog. Hogstaktiviteten er høg i enkelte år, medan planting og ungskogpleie over tid har vore for låg. Tiltaka skal styrkje langsiktig produksjon, skoghelse, klimatilpassing og tilgang til skogressursane.

Mål i landbruksplanen: Delmål 1 – Betre ressursutnytting | Delmål 2 – Betre beredskap

Tiltak

- Redusere etterslepet i forynging etter hogst og sikre at ny skog blir etablert med treslag og metodar som er tilpassa lokale forhold og framtidig klima.
- Auke omfanget av ungskogpleie og andre skogkulturtiltak som styrkjer kvalitet, stabilitet og framtidig produksjon.
- Målrette NMSK-midlar mot tiltak som gir varig ressurs- og miljøeffekt, mellom anna variert skog, særleg i krevjande terreng og god oppfølging etter hogst.
- Vidareutvikle skogvegnettet der tiltaket gir god effekt for beredskap og nytting av ressursane og miljøomsyna er ivaretekne.
- Leggje til rette for forsvarleg uttak av hogstmoden skog i bratt og vanskeleg terreng der taubane eller andre skånsame driftsformer er nødvendige.
- Bruke skogbruksplanar og miljøregistreringar aktivt som grunnlag for langsiktig og berekraftig forvaltning av skogressursane.

Økonomi: NMSK-midlar, skogfond, statlege tilskot til skogsveg og drift i vanskeleg terreng, og eventuelle prosjektmidlar.

3.5 Vilt- og utmarksforvaltning

Vilt og utmark er viktige ressursar, men høg hjortetettleik kan gi store skadar på jord- og skogbruk. Forvaltninga skal redusere konfliktar og samstundes leggje til rette for berekraftig bruk av jakt-, beite- og utmarksressursane.

Mål i landbruksplanen: Delmål 1 – Betre ressursutnytting | Delmål 2 – Betre beredskap | Delmål 3 – Sikre busetjing | Delmål 4 – Tilleggsnæring og lokal foredling

Tiltak

- Følgje opp Hjorteviltstrategien med sikte på ein hjortebestand som er tilpassa beitegrunnlaget og som gir mindre skade på jordbruksareal og skogforynging.
- Styrkje kunnskapsgrunnlaget om hjortevilt, beiteskadar, bestandsutvikling og andre konfliktar mellom vilt og landbruksdrift.
- Prioritere førebyggjande tiltak mot beiteskadar frå hjort der skadane på landbruksproduksjonen er vesentlege.

- Styrkje samarbeid og organisering mellom grunneigarar, jaktvald, beitelag og landbruksnæringa for å nå forvaltningsmåla.
- Utvikle berekraftig bruk av fjell- og utmarksressursane til beite, jakt, matauk, reiseliv og andre landbruksbaserte næringar der naturgrunnlag og rettar ligg til rette.

Økonomi: Kommunalt viltfond, statlege beite- og prosjektmidlar og ordinær drift.

3.6 Lokalmat, foredling og tilleggsnæringar

Garden er eit utgangspunkt for meir enn råvareproduksjon. Lokal foredling, reiseliv, «Inn på tunet», direktesal og nye produksjonar kan gi større verdiskaping, fleire arbeidsplassar og sterkare grunnlag for busetjing og vidare drift.

Mål i landbruksplanen: Delmål 2 – Betre beredskap | Delmål 3 – Sikre busetjing | Delmål 4 – Tilleggsnæring og lokal foredling

Tiltak

- Styrkje etablering og vidareutvikling av lokalmat, småskala foredling og andre landbruksbaserte næringar gjennom føreseielege kommunale rammer og god kopling til verkemiddelapparatet.
- Byggje sterkare produsentnettverk for lokalmat, foredling, direktesal og garden-baserte opplevingar.
- Utvikle kommunen si rolle som marknad og samarbeidspartnar for lokalmat der regelverket og innkjøpsordningane gir rom for det.
- Leggje til rette for «Inn på tunet» og andre gardsbaserte velferds- og meistringstilbod gjennom betre samhandling mellom landbruk og aktuelle kommunale tenester.
- Leggje til rette for gardstilpassa reiselivs- og overnattingstilbod gjennom føreseielege plan- og byggjefaglege rammer.
- Styrkje betre bruk av eksisterande driftsbygningar, skog- og utmarksressursar, restressursar og bioenergi som grunnlag for ny verdiskaping.
- Leggje til rette for nye og småskala produksjonar, mellom anna frukt, bær, grønsaker, birøkt og økologisk produksjon.

Økonomi: I hovudsak ordinær drift og eksterne verkemiddel frå Innovasjon Noreg, Bionova, Vestland fylkeskommune og andre prosjekt- og utviklingsordningar. Kommunale nærings- eller utviklingsmidlar kan nyttast etter eigne vedtak.

3.7 Enklare forvaltning og samhandling

Bønder møter fleire regelverk, fagområde og offentlege aktørar i same prosjekt. Kommunen skal redusere kompleksitet innanfor sitt handlingsrom og gjere det tydelegare kvar bonden skal vende seg og kva som må avklarast tidleg.

Mål i landbruksplanen: Delmål 1 – Betre ressursutnytting | Delmål 3 – Sikre busetjing | Delmål 4 – Tilleggsnæring og lokal foredling

Tiltak

- Etablere ein tydeleg og samordna kommunal førstelinje for landbrukssaker som krev avklaring mellom landbruk, plan, byggjesak og næring.
- Forenkle og harmonisere kommunale rutinar og informasjon der kommunen har handlingsrom, utan å svekkje krav til fagleg kvalitet eller lovleg sakshandsaming.
- Etablere ei samla digital oversikt over kontaktpunkt, søknadsprosessar og relevante verkemiddel for landbruksnæringa.
- Styrkje interkommunalt og tverrfagleg samarbeid slik at landbruksføretaka møter meir føreseieleg praksis og betre samordna rettleiing.
- Bruke erfaringar frå sakshandsaming og tilbakemeldingar frå næringa til systematisk prosessforbetring og betre tenester.

Økonomi: I hovudsak ordinær drift. Digitaliserings- og utviklingsprosjekt kan finansierast gjennom kommunale eller eksterne prosjektmidlar.

3.8 Kompetanse, kunnskapsgrunnlag og synleggjering

Landbruket sine verdiar er ikkje alltid synlege i samfunnet, samstundes som ressursgrunnlaget og næringa er i rask endring. Kommunen treng oppdatert kunnskap, og næringa treng tilgang til relevant kompetanse, nettverk og forståing i samfunnet rundt seg.

Mål i landbruksplanen: Delmål 1 – Betre ressursutnytting | Delmål 2 – Betre beredskap | Delmål 3 – Sikre busetjing | Delmål 4 – Tilleggsnæring og lokal foredling

Tiltak

- Halde kunnskapsgrunnlaget om areal, produksjon, verdiskaping, investeringar, beite, skog og vilt oppdatert og bruke det aktivt i prioriteringar og politikkutforming.
- Styrkje kompetansen i næringa innan agronomi, økonomi, digitale verktøy, ressursutnytting, investering og næringsutvikling i samarbeid med relevante fagmiljø.
- Styrkje nettverk og erfaringsdeling mellom bønder, faglag, rådgjevingsmiljø, produsentar og andre aktørar som kan bidra til utvikling av landbruket.
- Synleggjere landbruket si rolle for matproduksjon, beredskap, kulturlandskap, naturforvaltning, lokal verdiskaping og levande bygder.
- Leggje til rette for skulehagar, urbant landbruk og andre ordningar som gir barn, unge og innbyggjarar praktisk kunnskap om matproduksjon og jordressursar.
- Styrkje den faglege dialogen mellom administrasjon og politisk nivå slik at landbruket blir vurdert tidleg og heilskapleg i kommunale prioriteringar.

Økonomi: Ordinær drift, samarbeidsmidlar og aktuelle prosjektmidlar. Tiltak i samarbeid med skular, faglag og andre aktørar kan finansierast gjennom eigne prosjekt og tilskotsordningar.

3.9 Landbruk og beredskap

Aktive gardsbruk har matproduksjon, maskinar, bygningar, vass- og energiløysingar, lokalkunnskap og folk spreidde i heile kommunen. Desse ressursane skal inngå tydelegare i kommunen sitt samla beredskapsarbeid.

Mål i landbruksplanen: Delmål 1 – Betre ressursutnytting | Delmål 2 – Betre beredskap | Delmål 3 – Sikre busetjing

Tiltak

- Innarbeide landbruket tydeleg i kommunale ROS-analysar, beredskapsplanar og andre relevante beredskapsdokument.
- Etablere ei overordna oversikt over landbruksressursar som kan vere aktuelle i krise, til dømes maskinar, tankar, bygningar, tilkomst og lokal kompetanse.
- Styrkje eigenberedskapen på gardsnivå for straum, vatn, fôr, drivstoff, kommunikasjon og alternative driftsløysingar.
- Sikre at kritisk infrastruktur for landbruket, mellom anna vegar, straum, vatn og veterinærtenester, blir vurdert i kommunalt beredskapsarbeid.
- Vurdere førehandssamarbeid med aktuelle landbruksaktørar om bruk av ressursar ved ekstraordinære hendingar.
- Styrkje lokal produksjon, foredling, lagringskapasitet og ressursutnytting som ein del av den langsiktige matberedskapen.

Økonomi: I hovudsak ordinær drift og kommunale beredskapsrammer. Eksterne prosjekt- og beredskapsmidlar kan nyttast der dei er tilgjengelege.

3.10 Veterinærtenesta

Ei robust veterinærteneste er avgjerande for dyrehelse, dyrevelferd, husdyrproduksjon og akuttberedskap. Stabil dekning er også viktig for at det skal vere attraktivt og forsvarleg å drive husdyrhald i heile kommunen.

Mål i landbruksplanen: Delmål 2 – Betre beredskap | Delmål 3 – Sikre busetjing

Tiltak

- Sikre ei robust og føreseieleg veterinærteneste og vaktordning i heile tenesteområdet.
- Målrette drifts- og stimuleringstilskot slik at dei støttar tilfredsstillande veterinærdekning og beredskap.
- Setje inn rekrutterings- og stimuleringstiltak når veterinærdekninga blir sårbar.
- Integrere veterinærtenesta i kommunen sitt beredskapsarbeid, mellom anna ved langvarige straumbrot, ekstremvêr og andre hendingar som kan påverke husdyrhaldet.
- Vidareutvikle samarbeid mellom kommunen, veterinærane og relevante styresmakter for å sikre langsiktig og fagleg robust teneste.

Økonomi: Statlege tilskot til veterinærtenesta og kommunale bidrag innan vedtekne rammer.

4 Særskilde kommunale satsingar og finansieringsbehov

Fleire av tiltaka i planen kan følgjast opp innan ordinær drift og gjennom eksisterande statlege verkemiddel. For enkelte tiltak vil det likevel vere behov for særskilde kommunale løyvingar, prosjektmidlar eller kommunal medfinansiering. Desse vert vurderte i samband med kommunen sitt årlege budsjett- og økonomiplanarbeid. Tabell nedanfor inneheld forslag av tiltak som kommunen

kan prioritere. Utifrå prioriteringane som vert gjort i samband med budsjett- og økonomiplanarbeid må planlegge vidare konkrete aktivitetar.

Satsing	Kopling til tiltak	Finansieringsbehov
Kommunalt landbruks- og utviklingsfond	Fleire tiltaks-område	Kommunal løyving
Kommunal medfinansiering til drenering	3.1	Kommunal løyving i tillegg til statlege midlar
Gardsovertakings-/ledige bruk-prosjekt	3.2	Prosjektmidlar/kommunal løyving
Førprosjektstøtte ved investering og generasjonsskifte	3.2	Kommunale utviklingsmidlar
Prioriterte beite- og kulturlandskapsprosjekt	3.3	Kommunal løyving i tillegg til statlege midlar
Areal tilbake i drift	3.1 / 3.3	Prosjektmidlar/kommunal finansiering
Lokalmat og tilleggsnæring	3.6	Prosjekt-/utviklingsmidlar
Særskilde beredskapstiltak i landbruket	3.9	Kommunal løyving/prosjektmidlar
Ingen hogstflate utan plan – skogkultur	3.4	Prosjektmidlar
Formidling og undervisning om jordvern og lokal matproduksjon	3.1 / 3.8	Eksterne prosjektmidlar og eventuell kommunal medfinansiering. Omfang må avklarast gjennom budsjett- og økonomiplanarbeidet.
Auke busetting på landbrukseigedomar	3.1	Kommunal løyving/prosjektmidlar. Omfang må avklarast gjennom budsjett- og økonomiplanarbeidet.

5 Økonomiske verkemiddel

Økonomiske verkemiddel skal nyttast målretta for å gjennomføre tiltaka i planen. Tabellen viser dei viktigaste ordningane og korleis dei inngår i tiltaksdelen.

Verkemiddel	Prioritert bruk	Finansiering
Produksjons- og avløysartilskot	Grunnleggjande statlege ordningar som støttar aktiv drift og velferd i jordbruket. Forvaltast i tråd med nasjonalt regelverk.	Statleg
SMIL	Prioriterast særleg til hydrotekniske tiltak, avrenning, rydding av kulturlandskap, miljøverdiar og klimatilpassing.	Statleg ramme – lokale prioriteringar

Regionalt miljøprogram (RMP)	Nyttast i samanheng med SMIL, beitebruk og andre miljøtiltak for større samla effekt.	Statleg ramme og regional prioritering
Tilskot til tiltak i beiteområde	Prioriterast til fellestiltak, infrastruktur og andre investeringar som gjer best mogleg bruk av utmarksbeite	Statleg ramme og regional prioritering
Tilskot til drenering	Prioriterast der drenering styrkjer produksjonsevne, klimatilpassing og miljøtilstand.	Statleg
NMSK og skogfond	Nyttast til forynging, ungskogpleie, skogkultur og andre prioriterte skogtiltak.	Statleg/skogeigar sitt skogfond
Tilskot til skogsveg og vanskeleg terreng	Nyttast der tiltak gir god ressursutnytting og er fagleg og miljømessig forsvarlege.	Statleg
Kommunalt viltfond	Nyttast til kunnskapsbygging, viltforvaltning og tiltak som reduserer konfliktar mellom vilt og landbruk.	Kommunalt viltfond
Veterinærtilskot	Nyttast for å sikre veterinærdekning, vakt og rekruttering.	Statleg, eventuelt kommunal medfinansiering
Prosjekt- og utviklingsmidlar	Nyttast til tidsavgrensa utviklingsarbeid innan jordvern, rekruttering, lokalmat, beredskap, digitalisering og andre prioriteringar.	Eksterne og eventuelle kommunale midlar

Prinsipp for økonomisk oppfølging

- Statlege tilskotsordningar skal prioriterast slik at dei støttar dei vedtekne tiltaka og gir størst mogleg samla effekt.
- Tiltak som krev nye kommunale løyvingar, skal avklarast gjennom ordinært budsjett- og økonomiplanarbeid.
- Eksterne prosjektmidlar skal nyttast målretta til utviklingsarbeid som kommunen elles ikkje har rom for innan ordinær drift.

6 Frå tiltaksdel til årshjul

Bjørnafjorden landbrukskontor skal bruke tiltaksdelen som grunnlag når årshjulet blir utarbeidd og revidert. Det er i årshjulet dei konkrete aktivitetane blir valde og fordelte. Dette gjer at kommunen kan halde fast på dei politiske prioriteringane, samstundes som arbeidsform, tidspunkt og ressursbruk kan tilpassast frå år til år.

For kvart prioritert tiltak bør årshjulet så langt det er relevant angi:

- konkret aktivitet eller leveranse
- ansvarleg medarbeidar/fagområde
- frist eller periode
- samarbeidspartnarar

- finansiering eller ressursbehov
- status og kort vurdering av resultat

Fast struktur i årshjulet

Felt	Kva feltet skal vise
Tiltak	Referanse til eitt av tiltaka i denne tiltaksdelen.
Aktivitet/leveranse	Den konkrete oppgåva som skal gjennomførast det aktuelle året.
Ansvar	Kven i Bjørnafjorden landbrukskontor eller kommunen som har ansvar for oppfølginga.
Frist/periode	Når aktiviteten skal gjennomførast eller vere ferdig.
Samarbeid og økonomi	Aktuelle samarbeidspartnarar og finansiering/ressursbehov.
Status	Kort status og resultat som grunnlag for evaluering og neste års prioritering.

Oppfølging og revisjon

Tiltaksdelen skal vurderast årleg i samband med planlegginga av årshjulet og budsjettarbeidet. Endringar i aktivitetar krev ikkje revisjon av tiltaksdelen så lenge dei støttar dei vedtekne tiltaka. Tiltaksdelen kan reviderast ved større endringar i rammevilkår eller prioriteringar, og skal som hovudregel reviderast ved starten av kvar ny kommunestyreperiode. Første planlagde hovudrevisjon er i 2031.